

# Saksprotokoll

**Utval:** Kommunestyret  
**Møtedato:** 17.09.2018  
**Arkivsak:** 18/1855

**Sak:** 65/18

## **SAKS PROTOKOLL - PRINSIPPAVKLARING UTBYGGINGSPAKKE JÆREN**

**Formannskapet 03.09.18 sak 48/18**

### **Fleirtalet 7 TILRÅR:**

1. Det skal arbeidast vidare med å etablera ei bompengefinansiert utbyggingspakke for kommunane Hå, Klepp og Time.
2. Prosjektet Fv. 505 Tverrforbindelsen Foss-Eikeland til E39 Bråstein blir overført frå Bymiljøpakken til Utbyggingspakke Jæren. Fram til neste høyringsrunde i kommunane skal overføring og finansiering vera avklart.
3. Inntektene for felles timesregel mellom Utbyggingspakke Jæren og Bymiljøpakken går til den bompengepakka der første passering skjer.
4. Premissar for Utbyggingspakken:
  - a. Takstane blir identiske med takstane utanom rushperiodane i Bymiljøpakken
  - b. Nullutsleppskøyretøy betaler 50 % av takstgruppe 1
  - c. Det blir eit passeringstak på 75 passeringar per månad
  - d. Innkrevjingsperiode blir 15 år
  - e. Det blir rabatt på 20 % ved bruk av bompengebrikke
5. Utbyggingspakke Jæren skal gje "bedre framkommelighet for alle". Midlane skal gå til etablering av nye vegar, utbetring av eksisterande vegar, gjennomføring av trafikksikringstiltak, etablering av gjennomgåande gang- og sykkelvegar, tiltak som betrar kollektivtilbodet og som legg til rette for «park and ride» mot Jærbanen.

**Arne Madland -frp og Torunn A. Rasmussen -frp stemte mot punkt 1 til punkt 5.**

### **Samrøystes TILRÅDING:**

6. Alternative traséval for Fv. 505 Tverrforbindelsen Foss-Eikeland til E39 Bråstein må hensynta rekreasjonsområdet tilknytta fossen/Figgoelva slik at dette blir bevart i eit viktig utbyggingsområde.
7. Innkrevjingskost må vera betydeleg lågare enn det som er skissert, gjennom å vurdere forskjellige tekniske løysingar.
8. Totalfinansieringa bør vera kjent.

## **Kommunestyret si behandling:**

*Forslag frå Arne Madland -frp, som erstatning for punkt 1-5 i innstillinga*  
Klepp kommune vil ikkje arbeida vidare med Utbyggingspakke Jæren.

*Forslag frå Einar Erga -ap*

Moglegheit for etterskotsvis innkrevjing av bompengar, når vegen er ferdig bygd, vert vurdert/utgreia.

*Forslag frå Vidar Haugland -h*

10. Klepp kommune bør vurdere ei ordning for å skåna dei småbarnsfamiliane som blir ramma urimeleg hardt av bompengane.
11. Klepp kommune tar initiativ til å sjå på taket på talet på bompasseringar og at dette vert sett ned, til dømes til 60 stk. per måned. Det er ein føresetnad at dette blir gjort for både Bymiljøpakken og Utbyggingspakke Jæren.
12. Innkrevjingstida bør setjast slik at Utbyggingspakke Jæren blir planlagt avslutta før eller samstundes med at Bymiljøpakken blir planlagt avslutta.
13. Fritak for traktorar gjeld òg dei som har leigejord på to sider av ein bom.

## **Votering**

Forslaget frå Arne Madland -frp fekk 7 stemmer; frp og Tore Bore -krf. Forslaget falt.

Formannskapet si fleirtalstilråding punkt 1-5 fekk 24 stemmer; 7 stemte mot, frp og Tore Bore -krf.  
Formannskapet si samrøystes tilråding punkt 6-8 fekk 31 stemmer.

Forslaget frå Einar Erga -ap nytt punkt 9 fekk 29 stemmer; 2 stemte mot, v og mdg.

Forslaget frå Vidar Haugland -h nytt punkt 10 fekk 31 stemmer.

Forslaget frå Vidar Haugland -h nytt punkt 11 fekk 31 stemmer.

Forslaget frå Vidar Haugland -h nytt punkt 12 fekk 27 stemmer; 4 stemte mot, krf, med unntak av Tore Bore -krf.

Forslaget frå Vidar Haugland -h nytt punkt 13 fekk 31 stemmer.

## **KOMMUNESTYREVEDTAK:**

1. Det skal arbeidast vidare med å etablera ei bompengefinansiert utbyggingspakke for kommunane Hå, Klepp og Time.
2. Prosjektet Fv. 505 Tverrforbindelsen Foss-Eikeland til E39 Bråstein blir overført frå Bymiljøpakken til Utbyggingspakke Jæren. Fram til neste høyringsrunde i kommunane skal overføring og finansiering vera avklart.
3. Inntektene for felles timesregel mellom Utbyggingspakke Jæren og Bymiljøpakken går til den bompengepakka der første passering skjer.
4. Premissar for Utbyggingspakken:
  - a. Takstane blir identiske med takstane utanom rushperiodane i Bymiljøpakken
  - b. Nullutsleppskøyretøy betaler 50 % av takstgruppe 1
  - c. Det blir eit passeringstak på 75 passeringar per måned
  - d. Innkrevjingsperiode blir 15 år
  - e. Det blir rabatt på 20 % ved bruk av bompengebrikke

5. Utbyggingspakke Jæren skal gje "bedre framkommelighet for alle". Midlane skal gå til etablering av nye vegar, utbetring av eksisterande vegar, gjennomføring av trafikksikringstiltak, etablering av gjennomgåande gang- og sykkelvegar, tiltak som betrar kollektivtilbodet og som legg til rette for «park and ride» mot Jærbanen.
6. Alternative traséval for Fv. 505 Tverrforbindelsen Foss-Eikeland til E39 Bråstein må hensynta rekreasjonsområdet tilknytta fossen/Figgjoelva slik at dette blir bevart i eit viktig utbyggingsområde.
7. Innkrevjingskost må vera betydeleg lågare enn det som er skissert, gjennom å vurdere forskjellige tekniske løysingar.
8. Totalfinansieringa bør vera kjent.
9. Moglegheit for etterskotsvis innkrevjing av bompengar, når vegen er ferdig bygd, vert vurdert/utgreia.
10. Klepp kommune bør vurdere ei ordning for å skåna dei småbarnsfamiliane som blir ramma urimeleg hardt av bompengane.
11. Klepp kommune tar initiativ til å sjå på taket på talet på bompasseringar og at dette vert sett ned, til dømes til 60 stk. per månad. Det er ein føresetnad at dette blir gjort for både Bymiljøpakken og Utbyggingspakke Jæren.
12. Innkrevjingstida bør setjast slik at Utbyggingspakke Jæren blir planlagt avslutta før eller samstundes med at Bymiljøpakken blir planlagt avslutta.
13. Fritak for traktorar gjeld òg dei som har leigejord på to sider av ein bom.